



Arkivnr: 2014/10430-1
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.02.2014

Kunst- og kulturformidlingsprogram i skulen hausten 2014 og våren 2015

Samandrag

Kvart år får elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring i Hordaland oppleve heile bredda av kunst- og kulturuttrykk; frå scenekunst, visuell kunst, litteratur, musikk og film, til kulturarv. Tilboda skal vera av høg kvalitet og vert formidla på skulen eller i kulturbygg rundt i fylket. Også bokbåten Epos er arena for formidling av kunst- og kulturproduksjonar til skuleelevar.

Produksjonane skal ha solid kunstnarleg kvalitet og setta born sin oppleving og medverking i fokus. I tillegg til kvalitet, spelar kriteria som variasjon i og innan uttrykk, spelestad og formidlingsmåte over tid vesentleg rolle i val av produksjonar. Mange gode produksjonar får derfor ikkje plass i programmet for komande skuleår.

For skuleåret 2014-2015 kom det forslag om 196 produksjonar. 49 av desse er foreslått tekne inn i programmet. Med bakgrunn i Hordaland fylkeskommune si samarbeidsavtale med venskapsregionen Nedre Normandie i Frankrike, er det i tillegg gjort avtale om turnering av ein fransk figurteatergruppe komande skuleår. I tillegg til desse produksjonane omfattar programmet 19 musikkproduksjonar som er produserte eller utvalde av musikkprodusentane i Hordaland fylkeskommune.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til val av innhald i og opplegg for kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen for hausten 2014 og våren 2015, slik den kjem fram av saka og vedlagte liste over produksjonar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 24.01.2014

Innleiing

Kultur- og idrettsavdelinga ved seksjon for kunst- og kulturformidling har ansvar for Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med kunst- og kulturformidling i skulen, og er såleis ein stor arbeidsgivar for kunstnarar og formidlarar. Gjennom vårt program får elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring kvart år oppleve heile breidda av uttrykk; frå scenekunst, visuell kunst, litteratur, musikk og film, til kulturarv. Tilboda har høg kvalitet, og vert formidla på skulen eller i kulturbygg rundt i fylket. Også bokbåten Epos er arena for formidling av kunst- og kulturproduksjonar til skuleelevar. Dei første stega inn i kunstverda blir ofte tatt i skulesamanheng. Her blir interessa vekt og grunnlaget lagt for ynsket om sjølv å oppsøke kunstlivet både som brukar og utøvar.

Hovudmålsettinga med Hordaland fylkeskommune sitt kunst- og kulturformidlingsprogram i skulane er at alle elevar skal få høve til å oppleve kunst og kultur av høg kvalitet, med håp om at dei etablerer og vidareutviklar eit aktivt og positivt tilhøve til kunst og kultur.

Hordaland fylkeskommune sin kunst- og kulturformidling til skulane er, i tillegg til fylkeskommunale midlar, basert på spelemidlar til Den kulturelle skulesekken (DKS) og samarbeidsavtale med Rikskonsertane.

Årleg tildeling av spelemidlar til DKS er grunnlaget for storparten av formidlingsprogrammet i skulane. DKS er ei nasjonal ordning som er tufta på eit godt samarbeid mellom kultur- og skulesektoren på alle organisatoriske nivå. Den er i all hovudsak finansiert av spelemidlar frå Norsk Tipping. Gjennom statlege føringar og fylkeskommunalt vedtak vert om lag halvparten av midlane som vert tildelt Hordaland fylkeskommune fordelt til kommunane i Hordaland, der dei vert nytta til lokale formidlingsprogram. Hordaland fylkeskommune sin del av midlane går til turnering i/for grunnskular utanom Bergen, og vidaregåande skular i heile fylket.

Hordaland fylkeskommune har sidan 1991 hatt samarbeidsavtale med Rikskonsertane om produksjon og turne av skulekonsertar til elevar i grunnskulen. Skulekonsertordninga er finansiert over Kulturdepartementet sitt budsjett, og vert forvalta av Rikskonsertane. Den vert gjennomført i eit produksjonssamarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Rikskonsertane. Ordninga er landsdekkande, og utgjer musikktilbodet i DKS. Overføringa av midlar føreset at fylkeskommunen har ein eller fleire musikkprodusentar som ivaretek den kunstnarlege kvaliteten og dialogen med Rikskonsertane. I 2013 vart samarbeidsavtalen fornya. Hordaland fylkeskommune har i dag ansvar for 75% av konsertvolumet. Dei resterande 25 % vert levert av Rikskonsertane sentralt.

I følgje samarbeidsavtalen med Rikskonsertane skal programmeringa av musikk ta omsyn til programhistorikk, sjangermangfald og variasjon over en tiårig skulegang i grunnskulen. For å sikre fornying i ordninga skal det produserast 3 nye produksjonar kvart år.

Hordaland fylkeskommune legg fagleg og praktisk vurdering til grunn for samansettinga av kunst- og kulturtilbodet i skulen, og det har difor ikkje vore vanleg med politisk handsaming av repertoaret. Til neste år tek ein sikte på styrking og formalisering av denne prosessen. Fylkesrådmannen vil komme attende med eiga sak om dette. Fylkesrådmannen har likevel vurdert det slik at det vil vera føremålstenleg med politisk handsaming av og tilslutnad til opplegget for skuleåret 2014-2015.

Prosess

Utøvarar, institusjonar etc. som ønskjer å kome med i Hordaland fylkeskommune sitt program i skulen må sende inn forslag innan 1. oktober. Forslaga blir vurderte for påfølgjande skuleår. I tillegg til produksjonar som er føreslegne inn i programmet, arbeidar musikkprodusentane oppsøkjande for å fylla programmet med dei sjangrane det er trong for innan musikk til grunnskulen.

Alle sjanger skal vera med i programmet. Vi ønskjer også over tid variasjon innan kvart uttrykk, forskjellige visnings-/ spelearenaer og formidlingsmåtar. Det vil sei at til dømes innan musikk skal vi ha rock, jazz,

folkemusikk etc. Visningsarena skal vera både skule og kulturbygg, og formidlingsmåte skal variere frå rein oppleving til verkstad/ medverknad.

Rikskonsertane er nasjonal aktør innan musikk i DKS, Norsk forfattersentrum innan litteratur, Norsk scenekunstbruk innan scenekunst, Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design innan visuell kunst, Film & Kino innan film og Norsk kulturråd innan kulturarv. Dei nasjonale aktørane har eit overordna ansvar for formidling av innhald i DKS, Rikskonsertane har i tillegg ansvar for produksjon. I tillegg til regionale knutepunkt er dei nasjonale aktørane viktige samarbeidspartar i arbeidet med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen.

Skuleåret 2014-2015

For skuleåret 2014-2015 kom det forslag om 196 produksjonar. 49 av desse er foreslått tekne inn i programmet. Med bakgrunn i Hordaland fylkeskommune sin samarbeidsavtale med venskapsregionen Nedre Normandie i Frankrike, er det i tillegg gjort avtale om turnering av ein fransk figurteatergruppe komande skuleår. Dette er andre året vi sender franske utøvarar på turne gjennom vårt program for kunst- og kulturformidling i skulane. I tillegg til desse produksjonane omfattar programmet 19 musikkproduksjonar som er produserte eller utvalte av musikkprodusentane i Hordaland fylkeskommune.

Produksjonane skal ha solid kunstnarleg kvalitet, og setta born sin oppleving og medverking i fokus. Fagseksjonar i Hordaland fylkeskommune har vurdert forslaga, alle produksjonane innan scenekunst er gjennomgått med Norsk scenekunstbruk, produksjonar innan litteratur er gjennomgått med Norsk forfattersentrum, og produksjonar innan film med Vestnorsk filmsenter. I tillegg til kunstnarleg og pedagogisk kvalitet, spelar kriteria som variasjon i og innan uttrykk, spelestad og formidlingsmåte over tid vesentleg rolle i val av produksjonar. Mange gode produksjonar får derfor ikkje plass i programmet for komande skuleår.

Einskilde produksjonar har ein skilde skular eller områder som meir naturleg målgruppe enn andre. Ein av produksjonane som vi vil tilby vidaregåande skule komande skule er i første omgang tenkt som eit tilbod berre til Odda vidaregåande skule. Gjennom film, tekst og bilete er over 30 ungdomsmiljø portrettert. Portretta er henta frå seks lokalsamfunn over heile landet. Odda er eit av desse lokalsamfunna.

Produksjonane er valt under føresetnad av at Hordaland fylkeskommune og utøvar/ institusjon etc. blir samde om mellom anna omfang og økonomi. Dersom ein produksjon er oppteken på anna hald på det tidspunktet som vil vera aktuelt for Hordaland, eller utøvarane ikkje kan turnere i det omfanget det er trong for, vil vi på ny vurdere produksjonane som er foreslått i programmet. Dersom Hordaland fylkeskommune får trong for endringar i eller supplement til programmet, vil aktuelle produksjonar bli valt ut blant føreslegne produksjonar. Utøvarar/ grupper innan musikk til grunnskulen blir inviterte til uforpliktande samtale med produsentane, der vidare prosess vert diskutert.

Kultur- og ressursutvalet gjorde 21. august 2012 vedtak om å legge «Rammeavtale om oppdrag for DKS» til grunn for arbeidet med formidling av kunst- og kultur til skulane i fylket. Dette betyr mellom anna at utøvarane vert lønna/ får honorar etter satsane som kjem fram av avtalen. I etterkant av vedtaket forhandla *Musikernes Fellesorganisasjon* (MFO) og *Norske Dansekunstnere* (NoDa) fram ny overeinskomst for løn og arbeidsvilkår for korttidsengasjerte utøvarar. Med bakgrunn i samarbeidsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Rikskonsertane er det denne avtalen som skal nyttast for musikkproduksjonar i grunnskulen.

Tilråding

Fylkesrådmannen rår til at Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til val av innhald i og opplegg for kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen for hausten 2014 og våren 2015, slik den kjem fram av saka og vedlagte liste over produksjonar.